



Ei modig jente, Jannike Myklebust.

I ei lita bygd som Uskedalen, inneklemt mellom fjord og fjell, har handlinger og haldninger til dels vore prega av frykt for meiningane til naboene opp gjennom tidene. No skjer det ei gledeleg utvikling. Eg veit ikkje om det er symptomatisk for tida at det er jentene som går føre, - men slik kan det sjå ut.

Då eg las om Jannike Myklebust i Kvinnheringen 2. juni, om jenta som er lei av å vere den einaste åleine-jenta, og difor la ut på bloggen sin at ho ønskte ein mann, og ba interesserte ta kontakt, -ja, då vart eg imponert. Eg synest ho var fantastisk modig, og det at ho sjølv vil styre sitt eige liv og ikkje berre sitje med hendene i fanget og deppe, syner ei tøff jente med bein i nasa.

Og ho gjer det med eit smil, - og med eit glimt i auget. Flott!!

Eg ser ei positiv utvikling på eit anna område og. Frå 1950-talet og fram til i dag har eg hatt kontakt med nokre homofile Uskedalsgutar, - kjekke, snille og empatiske gutar, som ikkje hadde det godt i miljøet her fordi dei ikkje følte seg aksepterte. Dei flytte tidleg vekk, så raskt dei kunne, til større plassar som t.d. Oslo og Bergen. Der fann dei seg betre til rette.

I dag er det heldigvis annleis. Modige jenter som har blitt glade i kvarandre bur saman midt i blant oss. Dei flytter ikkje vekk, men bur her, jobber her, har sitt sosiale liv her, og er ein like sjølsagt del av bygdemiljøet som dei heterofile.

Desse jentene imponerer meg, og eg er verkeleg glad for at dei vel å bu i bygda. Dei 'løfter taket' litt for alle, og dei får Uskedalen til å vere ei menneskeleg bygd i eit samfunn i utvikling.

Tekst: Vidar Haugland

Nett: Thor Inge Døssland